



# Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelte på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

## Rådgjevar, forskingsstøtte

**Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), er det ledig ei fast 100% stilling som rådgjevar, forskingsstøtte ved Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap**

Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap har om lag 270 tilsette og om lag 3200 studentar. Fakultetet har eit breitt utdanningstilbod både på bachelor og masternivå innan ingeniør- og naturfag, samt PhD-utdanning innan datateknologi. Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling forskar på innovasjon og tilbyr masterutdanning innan innovasjon og entreprenørskap. Dykkarutdanninga tilbyr eittårig fagskuleutdanning. Hovuddelen av fakultetets verksemd er i Haugesund, Bergen, Sogndal og Førde, men vi tilbyr også desentralisert utdanning i Florø, Kristiansund og på Stord. Fakultetets verksemd er internasjonalt forankra og skjer i tett samarbeid med regionale bedrifter, klynger, helseføretak og offentleg sektor, inkludert andre institusjonar i universitets- og høgskulesektoren. Dette gjeld både forskning, utvikling, innovasjon og ikkje minst utdanning med studentprosjekt på alle nivå.

Fakultetsadministrasjonen, som er leia av administrasjonssjef, skal gje støtte til leiarar og administrativ og fagleg aktivitet i fakultetet i samarbeid med dei fellesadministrative tenestene innan HR, økonomi, studieadministrasjon og forskingsadministrasjon. Administrasjonssjef sit i leiargruppa til dekan saman med instituttleiarane, prodekanar med strategisk ansvar for høvesvis forskning, utdanning og innovasjon

Stillinga er ikkje knytt til ein bestemt campus.

### Ansvars- og arbeidsområde

Ansvarsområde for stillinga vil vera forskingsadministrativ støtte til leiing og fagmiljø ved fakultetet.

Aktuelle arbeidsoppgåver for stillinga er:

- Sekretær for Forskings- og innovasjonsutvalet (FI-utvalet) ved FIN
- Administrativ støtte for tildeling av FoU-tid
- Administrativ støtte i kvalifisering mot førstelektor, dosentur og professorat
- Administrativ prosjektstøtte for eksternfinansierte forskingsprosjekt
- Sakshandsaming av forskningsetiske saker på fakultetsnivå
- Bistå fakultetet i organisering av forskingsdagane og andre forskingsrelaterte arrangement
- Saksførebuing og -oppfølging, strategisk utviklingsarbeid, rapportering, utgreiing- og analyseoppgåver knytt til ansvarsområdet

### Kvalifikasjonskrav

Til stillinga vert der stilt krav til høgare utdanning på masternivå. I tillegg vert det stilt krav om relevant administrativ erfaring og spesialkompetanse innanfor ansvarsområdet og tilpassa funksjonane i stillinga.

Rådgjevaren må kunne arbeide sjølvstendig og strategisk, ta initiativ og vere ein pådrivar, og ha gode samarbeids- og kommunikasjonsevner. Vidare må rådgjevaren ha god munnleg og skriftleg framstillingsevne på norsk og engelsk og ha god digital kompetanse.

### Vi tilbyr

Stillinga som rådgjevar er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1434 - rådgjevar. Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Fleksitid jfr. Særavtale om fleksibel arbeidstid i staten
- Moglegheit for trening i arbeidstida

### Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurdert ut frå den informasjon som er lagt inn i [www.jobbnorge.no](http://www.jobbnorge.no) ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, herunder attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskriftar eller annen dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetningar. Dersom vedlegga overskrider 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggest ved som lenke.

Søknader kan ikkje sendes på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

### Generell informasjon

Vi gjer merksam på at jfr. ny offentlegheitslov kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli oppført på

søkjærlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følge.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetning, rekruttere personer med minoritetsbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA verksemd.

[Heimeside](#)

**Kontaktperson(ar) ved Høgskulen på Vestlandet er:**

Administrasjonssjef Henning Norheim, telefon [+47 55 58 76 72](tel:+4755587672), mobil 99 03 67 03

Jobbnorge-ID: 161608, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut